



Notat

Dato: 10.06.2014
Arkivsak: 2014/14933-47
Saksbehandlar: anifjel

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Motorlaboratorium - Rubbestadneset vidaregåande skule

Av møteboka for fylkesutvalet sitt møte 20. mai 2014 går det fram følgjande:

«**Dan Femoen** etterspurde status for "motorlaboratoriet" ved Rubbestadneset vgs. Det vil kome tilbakemelding i neste møte.»

Fylkesrådmannen har vore i kontakt med representanten Femoen som har sendt nokre utfyllande opplysningar og spørsmål om saka.

Prosjektet har vore planlagt som eit spleiselag mellom skulen og lokalt næringsliv der næringslivet har signalisert vilje til å gå inn med betydelege midlar inn i prosjektet. Omfanget av oppgraderinga hadde ei budsjettert ramme på omlag 15 mill. kroner og der 50% av dette skulle koma frå lokalt næringsliv. I tillegg er det sett av 1 mill. kr frå Bømlo kommune og midlar frå ordninga med kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift. Det som det manglar midlar til no er fyrst og fremst dei bygningsmessige tilpassingane som må gjerast for at prosjektet kan realiserast.

Med bakgrunn i at det har teke tid å få realisert prosjektet stiller representanten Femoen følgjande spørsmål:

1. Ynskjer fylkesrådmannen at prosjektet om ei fornying/ oppgradering av motorlaboratoriet/verkstaden ved Rubbestadneset skule skal gjennomførast ?
2. Er det sett frå fylkesrådmannen si side ynskjeleg med slike spleiselag der både fylket, kommunen og lokalt næringsliv går saman om ei fornying /oppgradering av reiskapar for læring ved den vidaregåande skulen i Rubbestadneset ?
3. Kan fylkesrådmannen opplysa om kva som no er status i denne saka frå administrasjon si side?
4. Kva tid kan ein forventa og få ei sak til politisk avgjerd om dette prosjektet skal realiserst eller ikkje ?

Svar:

1. Fylkesrådmannen er positiv til alle tiltak som betrar læringsmiljøet i den vidaregåande skulen.
2. Fylkesrådmannen er også positiv til spleiselag for på den måten å få utført meir enn fylkeskommunen kan makta åleine. Tiltaka må likevel innpassast i vedtekne planar og evna den einskilde skule har til å skaffa medfinansiering.

3. Fylkesrådmannen er kjend med at det er trong for noko ombygging ved Rubbestadneset vidaregåande skule for å få tiltaket gjennomført. Eigedomssjefen har vore i kontakt med skulen om dei bygningsmessige sidene av saka – og at finansiering av ombygginga også må reknast med.
4. Fylkesrådmannen ser det som naturleg at dette vert vurdert i samband med den samla ombyggingskontoen på investeringsbudsjettet. Det er fortløpande saker til fylkesutvalet om fordeling av desse midlane.